

# Program for Vaksdal SV 2019 - 2023

---

## Innleiing

Kva handlar kommunevalet 2019 om? Det handlar om det du vil at det skal handle om, det som er viktig for deg, familien din, venene dine. Det handlar om kven som skal få nett di stemme. Det handlar om tillit - tillit til at kvar av oss gjennom val kan gjere ein forskjell. At om fire år er Vaksdal kommune ein litt betre kommune å bu i enn i dag. Og du bidrog.

Vaksdal SV vil arbeida for at born og unge i Vaksdal får ein enno betre skulekvardag, at born i barnehage har ein betre kvardag i 2023 enn i 2019. Vi vil arbeide for at dei eldste blant oss ser fram til kvardagen. Vi vil at dei tilsette i kommunen opplever tillit, og medverknad i eige arbeid. Vi vil arbeida for at Vaksdal vert ein del av det globale arbeidet det er og ta vare på klima og naturmangfald.

Hovudsakene våre speglar prioriteringane til SV dei neste fire åra. Vi vil ikkje ha vindmøller i Vaksdalsfjella, utbygging av ny vannkraft eller oppdrett i fjorden. Vi vil ha lokal mat til ungdom og eldre. Vi vil ha fleire lærarar i nye skulebygg. Vi vil ha verdighet i eldreomsorga. Vaksdal skal vere ein god kommune å bu, jobbe, lære og vere i - då kan vi og bli fleire!

## Hovudsaker

1. Rett til heiltid - nei til vikarbyrå
2. Auka grunnbemanning i heimetenesta
3. Kjøken tilbake på institusjon - ja til lokal mat!
4. Trygge lokalsamfunn - skulestruktur som i dag.
5. Fleire lærarar i Vaksdalsskulen!
6. Gratis SFO
7. Skulemat på ungdomsskulen
8. E16 i Tolåsen og kulvert til bru på Stanghelle
9. Oppdrettsanlegget ut av fjorden!
10. Nei til landbasert vindkraft!

## Klima, miljø og friluftsliv

Klimaet er sjølve grunnlaget for vår eksistens. Det er ingen politikk i dag, lokalt eller nasjonalt, som tilseier at klimakrisa vert teken på alvor.

Eit samfunn bygd på veksttvang er ikkje berekraftig. SV meiner at Vaksdal kommune skal setja av 1 % av budsjettet årleg dei neste fire åra til klimatiltak, og innarbeide klimarekneskap i alle planar og investeringsprosjekt. Vaksdal kommune skal bli ein klimapartner!

Vaksdal kommune har ein særprega og mangfaldig natur med nærleik til fjell og sjø. SV vil sikra alle tilgang til naturopplevingar og hindra privatisering av strandsona og fjellet. SV seier ja til bevaring av Agnavikje på Stanghelle og Sildastadskjæret på Vaksdal. SV vil sikre allemannsretten - fjell og sjø for alle!

SV seier ja til ein fjord fri for oppdrettsanlegg av omsyn til villaksestamma og rekreasjon for folk flest på vår viktigaste allmenning - fjorden. SV er eit naturvernparti og seier nei til kraftutbygging i alle vassdrag og nei til all landbasert vindkraft.

Biologisk mangfald skal oppretthaldast, eksisterande hyttefelt må fortettast heller enn å etablera nye. Kantslått ikkje gift og grønne uteareal i tettstadane. Auka kunnskap om biologisk mangfald i alle delar av kommunal verksemd.

Alle kunstgrasbanar i kommunen skal vere null utslippsbanar for plast i løpet av perioden.

SV vil arbeida saman med innbyggjarane våre for at krafta som vert produsert i kommunen skal gå til fellesskap og nytte, ikkje støy og kryptomining.

## Vaksdal som eigen kommune

Kommunesamanslåingar er sentralisering og ønskje om privatisering av offentlege tenester. Vaksdal skal vere eigen kommune og SV ønskjer å utvikla folkestyret og offentlege tenestester til det beste for dei som bur i kommunen.

## Lokaldemokrati

SV ønskjer stemmerett for 16 åringane, og at vi nyttar oss av moglegheitene til å invitere inn ungdom som fullverdige deltakarar i lokaldemokratiet. Ungdommens kommunestyre må styrkast og ungdom si røyst gjerast sterkare i kommunen.

## Skule og barnehage

SV si hovudprioritering dei neste 4 åra er ny barneskule på Vaksdal og oppveksttun på Stamnes. SV seier nei til nedlegging av skular! Nærskule - prinsippet skal gjelde for alle born i vår kommune.

SV vil ha meir ressursar inn i skulekvardagen. Fleire lærarar! Helsesjukepleiar meir aktivt inn i skulen med betre ungdomsretta tilbod. SV vil óg sikre barnehageplass der borna bur. Borna i kommunen fortener ein trygg skuleveg - både i nærmiljøet og på E16.

SV vil arbeida for gratis SFO og at SFO og barnehagar har opningstider tilpassa pendlartoga. Ny barnehage på Dale og oppveksttun i Eksingedalen og ny småbarnsavdeling på Vaksdal må utgreiast i perioden.

## Born og unge

Kommunen skal vere ein aktiv støttespelar og tilretteleggjar i det frivillige idrettsarbeidet. SV vil sikra at alle aktiviteter for barn og unge i prinsippet skal vere gratis i offentlege bygg.

SV vil arbeida for ungdomsklubbar og andre møteplassar for born og unge i heile kommunen. Mellom anna vil vi ha miljømøteplass på alle tettstadane.

## Barnevern

I komande periode skal barnevernet i kommunen styrkast monaleg. Det finst ikkje vanskelege born, berre born i vanskelege situasjonar. Det er ei målsetting at Vaksdal ikkje nyttar private løysingar i barnevernet.

## Ein verdig alderdom

Alle eldre som treng det skal ha rett til eit verdig omsorgstilbod i offentleg regi. Tilbodet til eldre menneske må vera tilpassa den einskilde. SV seier nei til alle former for privatisering og vikarbruk frå private aktørar. SV seier ja til institusjonsplassar på Dale og Vaksdal og ja til fleire tilsette i heimetenesta!

## Bustadpolitikk

SV meiner kommunen sin bustadpolitikk først og fremst skal prioritera dei gruppene som fell utanfor bustadmarknaden, og vil arbeide for plan og utvikling av bustader i kommunal regi. SV vil gradvis fjerne marknadsleige på kommunale bustader og gjere det enklare for folk å kjøpe bustaden dei bur i.

## Tettstadsutvikling

SV vil arbeida for vidare opprusting av kommunesenteret Dale. Samstundes vil SV ha fokus på bygdesentra Vaksdal, Stanghelle og Stamnes og prioritera desentraliserte offentlege tenester.

Tettstadsutvikling handlar om historisk vern av bygningar som har stor verdi for trivnad og identitet. Det handlar om vedlikehald på offentleg eigedom, og å skapa møteplassar for innbyggjarane.

Vaksdal senter og senterparken skal ha større kommunalt engasjement i perioden. Får vi veg i Tolåsen er dette ein av dei viktigaste møteplassane i kommunen.

## Samferdsle

Den viktigaste føresetnaden for fleire innbyggjarar i kommunen er at kommunikasjonen mot Bergen og Voss vert betra radikalt. Dette betyr mellom anna: fleire avgangar, fleire ”pendlartog”, og nattog frå Bergen fleire dagar i veka. SV vil arbeida for at Vaksdal vert ein del av takstsona i Bergen på tog og buss.

SV vil arbeida for gratis servicelinjer (buss) frå grendene til kommunesenteret etter modell av servicelinene i Bergen eller dei rosa bussane i Oslo.

## K5

E16 er i dag ei støyande rasfarleg trafikkmaskin. SV vil arbeida for trafikk- og støyskjerming på E16 gjennom Vaksdal. SV seier JA til E16 i Tolåsen og JA til kulvert til bru på Stanghelle. K5 skal utvikle ikkje avvikle kommunen. SV seier nei til dumping av stein i fjorden om ein ikkje kan dokumentere samfunnsnytte. SV føreset at veg og bane skal ha oppstart samstundes.

## Kommunikasjon

Vaksdal er ein vidstrakt kommune. Dette krev eit godt utbygd kommunikasjonstilbod. Kommunen må leggja til rette for at alle skal ha god tilgang til fiberbreiband. SV vil arbeida for å sikra utbygging av fiber til heile kommunen. Fiber er framtida og på sikt den viktigaste infrastrukturen i kommunen.

## **Kultur**

SV ynskjer eit stort kulturelt mangfald. Vi vil at smalare kulturaktivitetar og verksemd for uorganisert ungdom skal ha gode kår. Kulturskulen må styrkast og gje eit desentralisert tilbod i heile kommunen. SV vil arbeida for å styrka biblioteka som møteplass og gratis tilbod for alle.

SV vil sikre at kommunen tek aktiv del i etablering av Opplevingssenter på Vaksdal mølle/Felleskjøpet og sikrar oppstart og drift.

## **Lokal mat**

SV vil arbeida for at ein etablerer kjøken i kommunen etter modell frå Voss kommune. Lokale mattradisjonar, kortreist mat. Godt for miljøet - godt for folkehelsa!

«Vi spiser med alle sansane våre - desse går ikkje av med pensjon!»

SV vil innføra gratis skulemåltid på ungdomsskulen. Dette skapar trivsel og eit godt læringsmiljø og stør opp om den viktige jobben ungdom gjer - ta til seg kunnskap for livet. På sikt skal alle elevane i Vaksdal få måltid på skulen.

## **Landbruk**

Landbruk og lokal mattradisjon og kultur er viktige næringar i kommunen vår. Kommunen skal vere ein aktiv medspelar for landbruket og utvikling av matproduksjon lokalt.

## **Kortreist næringsliv**

Kommunen skal vere tilretteleggjar for ny næring i Vaksdal, samstundes som det er avgjerande at eksisterande næringsliv vert ivareteke. Kommunen skal vere ein medspelar for næringslivet og utnytte dei moglegheitene som finst i lovverket for å stø opp om kortreist vare og tenesteproduksjon.

## **Legevakt**

SV i Vaksdal vil at kommunen skal arbeida aktivt saman med andre kommunar om felles legevakt i Arna som supplement eller alternativ til legevakt på Voss. SV meiner dette er einaste farbare veg for å tryggja innbyggjarane våre og ha ein god nok beredskap.



### **Kommunen som arbeidsgjevar**

For SV er det viktig med deltaking i arbeidslivet og at alle skal ha ei løn å leva av. Heile stillingar skal vere ein rett - det gjev økonomisk tryggleik og sjølvstende for den einskilde, både som lønnstakar og seinare som pensjonist. Vaksdal kommune skal vere ei frisone for velferdsproffitorar - ja til egne tilsette.

### **Kvinner og likestilling**

Ei løn å leva av og ei løn å leva med! Dette er og eit likestillingskrav. Rett til heiltid, utvida opningstider i barnehage og SFO, omsorgstilbod for eldre, trygge vegar og rimeleg kollektivtransport handlar om korleis livet kan levast. SV vil at Vaksdal skal vere ein føregangskommune for heiltid og likeløn, skulekvalitet og eldreomsorg. Det gjev kvinner større moglegheit for aktiv deltaking og påverknad eige liv og i samfunnslivet.

### **Solidaritet**

Vaksdal kommune skal vere ein open, inkluderande kommune utan rasisme og framandfrykt. Vaksdal kommune skal ta initiativ til å busetja fleire flyktningar.

Vaksdal kommune skal gje støtte til Vaksdal internasjonal kvinnegruppe og andre frivillige organisasjonar som arbeider for å fremja ein inkluderande kommune.